



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger  
**Dato:** 15.09.2016  
**Tidspunkt:** 14:00 – 17:30

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Anne Tandstad	Nestleiar	SP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Vibeke Bohre Våge	Medlem	H
Øystein Foss	Medlem	BL

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Bright Olav Gåsdal	Leiar	AP

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Gisle Gardar Øye	Bright Olav Gåsdal	H

**Merknader**

Før ordinært kontrollutvaldsmøte vart det gjennomført kurs i «Samfunnsansvar og antikorrupsjon» ved Ragnhild Georgsen frå Deloitte. Kontrollutvalet og ordførar deltok på kurset.

**Andre som møtte:**

Navn	Stilling
Gunnar Husabø	Forvaltn.revisor Deloitte – i heile møtet
Knut Harald Frøland	Ordførar – til og med PS 34/16
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet

Anne Gerd Tandstad  
fungerande utvalsleiar

Kari Marie Nygard  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 29/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 30/16	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 31/16	Klage på handsaming av sak om konsesjonsvedtak		2016/97
PS 32/16	Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte 2		2015/131
PS 33/16	Overordna analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte 2		2015/65
PS 34/16	Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsyn for 2017		2016/37
PS 35/16	Referatsaker		
RS 11/16	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 12/16	Reglement for finans og gjeldsforvaltning		2016/38
RS 13/16	Registrering for godkjenning og kontroll - ROBEK, brev frå Fylkesmannen		2016/38
RS 14/16	Revidert nasjonalbudsjett 2016 og kommuneopplegget for 2017		2016/19
RS 15/16	Mail til administrasjonen i Samnanger kommune vedr. generelt spørsmål om samhandling		2016/37
RS 16/16	Brev til kommunestyret frå leiar i kontrollutvalet vedr. budsjett		2016/37
RS 17/16	Rekneskap for kontroll og tilsyn pr. august 2016		2016/37
RS 18/16	Melding om vedtak - søknad om ekstra midlar til kontrollutvalet		2016/37
RS 19/16	Utdrag frå møteprotokoll kommunestyret 12.05.16		2015/214
RS 20/16	Saksframlegg og vedtak vedr. selskapskontroll av Hardanger AKS as		2015/65
PS 36/16	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 37/16	Eventuelt		

## **PS 29/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.09.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## **PS 30/16 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.09.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Det kom ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 20.04.16.

#### **Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte 20.04.16 vart samrøystes godkjent.

## **PS 31/16 Klage på handsaming av sak om konsesjonsvedtak**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.09.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Ordførar var med under handsaminga. Han orienterte til kontrollutvalet om handsaming i formannskapet sitt møte 01.09.16, og at saka skal leggjast fram for kommunestyret 29.09.16. Ulike spørsmålstillingar som er reist i henvendingane som er kome til kontrollutvalet vart drøfta. Særleg spørsmål om habilitet vart drøfta, men og kva som er rolla til kommunestyret, rolla til administrasjonen og rolla til kontrollutvalet.

Konklusjonen etter drøftinga vart at kontrollutvalet vil utsetja saka til etter at kommunestyret har handsama den 29.09.16, og så ta den opp til ny vurdering på sitt neste møte. Sekretariatet vert bede om å senda melding om dette til grunneigarane i Aldselva kraftverk. Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak:**

Saka vert utsett og vert å ta opp til ny handsaming i kontrollutvalet sitt neste møte.

## **PS 32/16 Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte 2**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt, til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 31.10.2016.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.09.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Forvaltningsrevisor Gunnar Husabø frå Deloitte leia prosessmøte 2 med kontrollutvalet i samband med prioritering av prosjekt som skal leggjast inn i forslag til plan for forvaltningsrevisjon. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt, til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 31.10.2016.

**PS 33/16 Overordna analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte 2****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for selskapskontroll så langt, til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for selskapskontroll skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 31.10.2016.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.09.2016****Handsaming i møtet:**

Forvaltningsrevisor Gunnar Husabø frå Deloitte leia prosessmøte 2 med kontrollutvalet i samband med prioritering av prosjekt som skal leggjast inn i forslag til plan for selskapskontroll. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for selskapskontroll så langt, til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for selskapskontroll skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 31.10.2016.

**PS 34/16 Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsyn for 2017****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2017.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.09.2016****Handsaming i møtet:**

Framlegg til budsjett for 2017 vart gjennomgått og drøfta. Ordførar var med under handsaminga av saka. Korleis budsjett for kontroll og tilsyn skal handsamast vidare i budsjettprosessen vart drøfta. Det vart teke opp at kontrollutvalet bør be kommunestyret om å ha eit eige punkt i budsjettvedtaket, som viser kva rammer kontrollutvalet sitt budsjett skal ha. Kontrollutvalet bad og om at post for møtegodtgjersle vert rette opp. Med desse tilleggga vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2017. Kontrollutvalet oppmodar kommunestyret om å gjera vedtak i eige punkt om kva som skal vera budsjetttramme for kontroll- og tilsynsarbeid for 2017.

**PS 35/16 Referatsaker****Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.09.2016****Handsaming i møtet:**

Utvalet sitt kvarter og dei andre referatsakene vart gjennomgått og kommentert. Referatsakene vart samrøystes teke til orientering.

**Vedtak:**

Referatsaken vart teke til orientering.

**RS 11/16 Utvalet sitt kvarter****RS 12/16 Reglement for finans og gjeldsforvaltning****RS 13/16 Registrering for godkjenning og kontroll - ROBEK, brev frå Fylkesmannen****RS 14/16 Revidert nasjonalbudsjett 2016 og kommuneopplegget for 2017****RS 15/16 Mail til administrasjonen i Samnanger kommune vedr. generelt spørsmål om samhandling****RS 16/16 Brev til kommunestyret frå leiar i kontrollutvalet vedr. budsjett****RS 17/16 Rekneskap for kontroll og tilsyn pr. august 2016****RS 18/16 Melding om vedtak - søknad om ekstra midlar til kontrollutvalet****RS 19/16 Utdrag frå møteprotokoll kommunestyret 12.05.16****RS 20/16 Saksframlegg og vedtak vedr. selskapskontroll av Hardanger AKS as****PS 36/16 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.09.2016****Handsaming i møtet:**

Gjennomgang og kommentarar av enkelte saker. Kontrollutvalet merka seg særleg handsaming av sak 046/16 i formannskapet sitt møte 01.09.16, når det gjeld handtering av habilitetsspørsmål. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

**PS 37/16 Eventuelt****Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.09.2016****Handsaming i møtet:**

To saker vart teke opp under eventuelt:

- Spørsmålstilling om reguleringsplan for Bjørkheim, særleg om korleis parkeringsplassar i området vert planlagt.
- Situasjonen når det gjeld tømmertransport på kaien i Rolvsvåg. Kva avtaler er inngått med dei som brukar kaien, og har kommunen inntekter av bruken, evt. kor store inntekter.

Kontrollutvalet ønskjer at det vert førebudd orienteringssaker til neste møte. Vedtaket var samrøystes.

**Vedtak:**

Til neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at desse orienteringssakene vert lagt fram:

1. Orienteringssak om reguleringsplan for Bjørkheim, særleg vedr. planlegging av parkeringsplassar.
2. Orienteringssak om avtaler som er inngått vedr. bruk av kaien i Rolvsvåg til tømmertransport. Har kommunen inntekter frå bruk av kaien, og i tilfelle kor store inntekter.

